

## Referat frå styremøte nr. 1-2020

**Dato:** 14.-15. januar 2020

**Tid:** Kl. 12.00 14. januar til kl. 12.30 15. januar

**Stad:** Storfjord Hotel på Glomset

### Til stades frå styret i SR:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)  
Nestleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)  
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (kommunalsjef i Ålesund kommune)  
1.vara rådmenn May-Helen Molvær Grimstad (rådmann i Sykkylven kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Vegard Austnes  
Prosjektleiar energieffektivisering Einar Haram (sak 5/2020)

### Forfall styret i SR:

Styremedlem Anders Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune)

### Frå Romsdal Regionråd (ROR):

Styreleiar Torgeir Dahl (ordfører i Molde kommune)  
Nestleiar Tove Henøen (ordfører i Hustadvika kommune)  
Styremedlem Odd Jørgen Nilssen (ordfører i Aukra kommune)  
Styremedlem Torild Hovdenak (rådmann i Rauma kommune)  
Styremedlem Tone Roaldsnes (rådmann i Vestnes kommune)  
Ordfører Geir Inge Lien, Vestnes kommune  
Ordfører Yvonne Wold, Rauma kommune  
Varaordfører Odd Helge Gangstad, Molde kommune  
Dagleg leiar i ROR Alf Reistad

### Deltakarar frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Leiar av samferdelsutvalet Kristin Sørheim (sak 8/2020)  
Samferdselsdirektør Arild Fuglseth (sak 8/2020)  
Rådgivar i samferdselsavdelinga Janne Lønsethagen (sak 8/2020)  
Avdelingssjef FRAM Stig Helle-Tautra (sak 9/2020)  
Seksjonsleiar drift FRAM Jesper Wiig (sak 9/2020)  
Seniorrådgivar Per Ove Nydal (sak 9/2020)

**Andre til stades:**

Dagleg leiar Jan-Egil Korseberg i RIR - Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (sak 4-2020)

Dagleg leiar Øystein Solevåg i ÅRIM – Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap (sak 4-2020)

Erik Espeset, styreleiar NHO Møre og Romsdal (sak 8 og 9 2020)

Kari Hoset Ansnes, regionleiar LO Møre og Romsdal (sak 8 og 9 2020)

Jack Sæther, leiar for Møre og Romsdal Transportarbeiderforening (Fellesforbundet)

Grete Valen Blindheim, prosjektleiar i Ålesund kommune (sak 7,8 og 9 2020)

Liv Kjersti Finholt, fagleiar i Ålesund kommune (sak 7,8 og 9 2020)

**Referent:** Rådgivar Vegard Austnes

**Tirsdag 14. januar:**

**Sak 1/2020: Styreleiar Torgeir Dahl i Romsdal Regionråd (ROR) og styreleiar Jan Ove Tryggestad i Sunnmøre Regionråd (SR) ønskjer velkomen til møtet. Kort presentasjonsrunde**

På møtet ville ein sjå på felles saker og utvikle relasjonar. Det var eit ønskje at også Orkide deltek på neste møte.

**Sak 2/2020: Tema: Helse. Korleis kan regionråda og kommunane bidra til ei betre og meir effektiv helseteneste i samarbeid med HMR?**

Kort innleiing ved dagleg leiar i ROR Alf Reistad. Diskusjon vart leia av styreleiar i SR Jan Ove Tryggestad

Mykje av dialogen om helse i Møre og Romsdal har handla om innsparingar. Det er mange møteplassar mellom helseføretak og kommunar. Lokalt samhandlingsutval (LSU) for Molde sjukehusområde har utvikla seg positivt med tanke på prioritering av forbetningspunkt. I samband med revisjon av samhandlingsavtalen er det forslag om at LSU skal spele ei viktigare rolle. I tillegg er det forslag om ein felles samhandlingsressurs gjennom KS. Regionråda ønskjer at helseføretaket og kommunane skal kunne bli betre saman. Frå ROR er det spelt inn at ein har tru på stadleg leiing. ROR bad om støtte på dette frå Sunnmøre Regionråd.

Ein må unne kvarandre det beste i Møre og Romsdal, t.d. når det gjeld helse. Det er viktig at Møre og Romsdal har ei rettferdig økonomisk ramme. ROR bad om støtte til stadleg leiing i helseføretaket, og meinte at lokalt samhandlingsutval kan vere meir konkret og praktisk.

Frå SR vart det kommentert at ein felles uttale frå regionråda kan vere positivt. Tre utfordringsområde vart nemnt: PCI og PET-scan i regionen, bekymring for det bygningsmessige ved Ålesund sjukehus og den regionale fordelinga av ressursane.

ROR sa mellom anna at det er viktig å få meir aktivitet til Møre og Romsdal. Vegard Austnes frå SR orienterte om arbeidet med samhandlingsgruppa i SR.

Frå SR vart det vist til at ein ved revisjon av samhandlingsavtalen har høve til å forbetre samhandlingsstrukturen.

ROR nemnte at det er viktig å bruke arenaene i samhandlingsavtalen og sende folk som kan møte. Ein må dessutan vere meir spesifikk på formåla med samhandlingsstrukturen.

Eit inspel frå SR var at det er viktig å setje fokus på det førebyggjande arbeidet.

ROR fremja forslag om å prøve å lage til ein felles uttale om saka i løpet av kvelden.

### **Sak 3/2020: Fængselsstruktur**

Innleiing ved styremedlem i SR Dag Olav Tennfjord og nestleiar i ROR Tove Henøen. Diskusjon vart leia av dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal

Hustad fængsel har 60 plassar og Ålesund fængsel 27 plassar. Ein ventar på ein KVU for Vestlandet. Normert behov for soningsplassar er 145 soningsplassar på Sunnmøre og i Nordfjord. Mellom tiltaka for å kome vidare er kommunikasjon, politisk påverknad, media, samarbeid med lokale avdelingar og samarbeid med helseføretaket innan rus/psykiatri.

Det vert arbeidd for at Hustad fængsel skal bli eit robust fængsel for framtida. Ein vil sjå på moglegheitene saman med Ålesund, og fokusere på at det er få celler per innbyggjar.

KVU-utgreiinga for Vestlandet vert lagt fram for statsråden i vinter. Det vart kommentert at ein treng ein ny strategi. Sunnmøre soningssenter er tenkt å vere gode på rehabilitering frå fængsel.

I Hustad fængsel er det viktig å få en betre balanse mellom opne og lukka soningsplassar.

Det vart konkluderte med at ein vil prøve å få i stand eit felles møte med statsråden.

#### **Sak 4/2020: Tema: Renovasjon – auka samarbeid over fogderigrensene**

Innleiing ved dagleg leiar Jan-Egil Korseberg i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) og styreleiar Reidar Andresen og dagleg leiar Øystein Solevåg i Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap (ÅRIM). Diskusjon vert leiar av styreleiar i ROR Torgeir Dahl

RIR og ÅRIM har fått i oppdrag av representantskapa å sjå på kva dei kan samarbeide om. Oppgåva er å hente ut ressursane i avfallet som vert samla inn. 65% skal gjenvinnast innan 2035 (myndigheitskrav). Dette krev investeringar.

Nye moglegheiter er å behandle meir av avfallet i vår region: Ein ser på ettersortering av restavfallet på Grautneset i Ålesund. Mating av restproduktet til Tafjord Kraftvarme og etablering av biogassanlegg i Ørsta. ÅRIM har for lite avfall til dette, men det kan vere aktuelt i samarbeid med Romsdal.

Ein har starta harmoniseringa mellom ÅRIM og ROR gjennom henteordning for matavfallet og stadig fleire får henting av glas- og metallemballasje. Det er potensiale for felles overgang til fossil drift, felles digitale løysingar, tryggare behandling av farlig avfall og meir forutsigbare renovasjonsgebyr.

Renovasjonsselskapa i regionen (hushald) er VØR, SSR, ÅRIM og RIR og (næring) RIR Næring, Bingsa Gjenvinning, Retura Søre Sunnmøre (og Tafjord Kraftvarme).

Korseberg sa at ein i ytterste konsekvens kanskje bør slå saman selskapa, og ønskjer tilbakemelding på korleis gå vidare i prosessen. Andresen viste til at ein i andre regionar lager større einingar. Dette ble for å ha nok avfall til å kunne ettersortere og tenkje biogass. NIR på Nordmøre har allereie gått nordover.

Frå SR vart det kommentert at ein er positiv til samanslåing til ei større eining. Alle berørte kommunar må få uttale seg. Ein må rydde i eventuelle hindringar. Forankringa i kommunane må vere fagleg. Det må ligge ein tung økonomisk argumentasjon til grunn, og ein må ta tilbake verdiskaping i regionen. Det vart kommentert at ein må forankre det i berekraftsmåla. Utgreiinga må ta med konsekvensar for innbyggjarane i kommunane.

Frå ROR vart det sagt at målet må vere eit felles selskap. Ein må starte med ei fagleg vurdering om kva ei samanslåing kan gi. RIR og ÅRIM kallar inn til kvar sine møter for eigarkommunane for å diskutere saka. Det kom innspel om at ein må ta kontakt med kommunane på søre Sunnmøre om saka og at ein vil setje i gang ei fagleg vurdering.

**Sak 5/2020: Orienteringssaker frå administrasjonen i SR og administrasjonen i ROR om diverse samarbeidsprosjekt:**

- **Klimanettverk** (15 minutt). Presentasjon ved prosjektleiar enøk i Sunnmøre Regionråd Einar Haram

Prosjektet vart starta 3.1.2011. Bakgrunnen var energi- og klimplanar for 11 kommunar på Sunnmøre. Prosjektet har arbeidd med å redusere energibruken i kommunale bygg, felles anbod utskifting av HQL-armatur, forbildeprosjekt for Eidet omsorgssenter, og energisparekontrakter. Den økonomiske gevinsten er ca. 10 millionar kroner per år. Enova har totalt gitt tilskot på 29 millionar kroner.

Klimagassutslepp er ei stor politisk sak. Norge skal kutte 40-45% innan 2030. Energi- og klimaplanane er no klare for rulling. I 2017 vart det etablert eit klimanettverk for 13 av dei 14 kommunane som er med i regionrådet. Styringsgruppe og klimagruppe i kvar kommune er etablert.

Det er etablert eit 2-årig kompetansehevande prosjekt for klimasmart innkjøp i kommunane. Ein har i tillegg arbeidd med hydrogen. Målet er å produsere hydrogen frå fornybar energi.

- **Godstransport på Raumabanen** (5 minutt). Orientering ved dagleg leiar i ROR Alf Reistad og ordførar Yvonne Wold i Rauma kommune

Det har vore godstrafikk på Raumabanen sidan 1924. Ein vil få meir gods over på tog, regulariteten er god no som Mannen er borte. Green Cargo har søkt om garantiar. Prosessen har stoppa opp. Green Cargo treng større volum av konteinrarar for å starte opp, ein prøver å hjelpe Green Cargo med dette.

Ein ber næringslivet og transportørane kome på banen. Det er potensiale for klippfisk frå Ålesund. Teljing i 2018 viste 520 tyngre kjøretøy på E136 i Romsdalen per døgn. 14 000 trailarar per år kan takst bort med togtransport. Der er innleia samarbeid med OnRail.

- **Pålegg fra Fylkesmannen til 13 skipsverft om kartlegging av og handlingsplan for forureina sjøbotn** (15 minutt). Presentasjon ved dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal og dagleg leiar i ROR Alf Reistad

Aurdal vart kontakta av Sula kommune, som var kontakta av Rolf Fiskerstrand AS. Bedrifta hadde fått pålegg om å undersøkje havbotnen. Det gjeld 13 verft i fylket. Norsk Industri har arbeidd mykje med saka. Tidlegare har det vore gjeve statlege tilskot til å undersøkje havbotnen. Møre og Romsdal får ikkje det. Verfta ønskjer 75 % tilskot.

Ein har oppnådd å få ei utsetjing på kartlegginga, og ønskjer no å ta opp saka med statsråden. Dei største skipsverfta i Norge har tapt 7,6 milliardar på oljekrisa. Skipsverfta greier ikkje kostnadane. Sunnmøre Regionråd har søkt om midlar til verfta frå Miljødirektoratet.

- **Deltaking under jobbmessa «Bli med hjem» i Oslo** (15 minutt). Kort innleiing ved dagleg leiar i ROR Alf Reistad. Diskusjon om deltaking og organisering av stand.

Nordmøre og Romsdal hadde felles stand i fjor. Sunnmøre er invitert med i år. I fjor var det oppvekst, helse og adm.-tekniske bord for kommunane på standen.

35 personar skreiv seg på liste for å bli kontakta. Dette var stort sett utflytta romsdalingar. Kostanden for rigging var ca. 50 000 kroner. I tillegg kjem leige av standplass/sponsorat.

Datoen er 16. april 2020. Det kan vel vere fagpersonar i staden for ordførar og rådmenn på stand. Messa er på hotellet The HUB. Det er næringslivet som arrangerer. Skal vi marknadsføre kommunale stillingar? Det var spørsmål om ein hadde vurdert å invitere med fylkeskommunen.

- **Kraftsituasjonen i Møre og Romsdal.** Innleiing ved styreleiar i ROR Torgeir Dahl og styremedlem i Sunnmøre Regionråd Dag Olav Tennfjord

Prosjektet Havsul ligg utanfor Harøya. Det var utarbeidd av Tafjord Kraft og BKK. Prosjektet begynner å bli lønsamt utan subsidier pga. teknologiutviklinga. Byggestart kan vere 2023. Skatteinntektene kan vere 85 mill. i året dei første 10 åra og gje 30-40 arbeidsplassar lokalt knytt til drift og vedlikehald. Havsul støttar elektrifiseringa av kraftsektoren og vil gi maritim næring ein posisjon på havvind. Møre og Romsdal kan ta ein posisjon og støtte det grønne skiftet, og samstundes avlastar den lokale kraftmarknaden.

Det vart viste til at Sunnmøre har to-sidig innmating av kraft som gir sikker leveranse. Nettet i Nordmøre og Romsdal er effektbelasta slik at det er større sårbarheit. Ei problemstilling er sårbarheita til Nyhamna som eksporterer gass til Storbritannia. Det vart sagt at Statnett må ta ansvar for kraftsituasjonen på Nordmøre og i Romsdal.

Ein ønskjer eit møte med olje- og energiministeren for å få eit politisk signal. Neste veke skal det vere møte mellom næringslivet og Statnett. Det er aktuelt å be Gassco om eit anleggsbidrag.

**Sak 6/2020: Korleis kan SR og ROR samarbeide for å få betre gjennomslag for våre saker?**

**Nye samarbeidsområde som bør prioriterast?**

Spørsmål og diskusjon leia av styreleiar i SR Jan Ove Tryggestad og styreleiar i ROR Torgeir Dahl

Saka vart utsett til neste dag.

**Onsdag 15. januar:**

**Sak 7/2020: Tema - Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033. Intern dialog mellom SR og ROR om prioritering av dei viktigaste prosjekta i samband med rullering av NTP.**

Det var oppsummering av gårsdagen og drøfting av nye samarbeidsområde som bør prioriterast. Frå Ålesund kommune vart det sagt at ein må slutte opp om hovudlinjene innan klimaarbeidet og ikkje ha konkurrerende opplegg (Smart City-samarbeidet vs klimanettverk).

Det vart kommentert at berekraftsmåla er eit større område enn klima. Vidare vart det kommentert at arbeid med energi og klimaplanar gjennom klimanettverk er til god hjelp for små kommunar. Sentrale aktørar må ha ein dialog og arbeidet samordnast. Interkommunal klima-, areal og transportplan for Ålesundregionen er under arbeid.

ROR tok opp att temaet helse og at ein er oppteken av korleis helseføretaket og kommunane kan bli betre saman. Det vart stilt spørsmål kva ein skal gjere i fellesskap i regionråda. Renovasjon er eit godt prosjekt. Korleis gå vidare med fengsel? La oss få dei konkrete prosjekta. Det var forslag om å forene kreftene for å betre kraftsituasjonen i fylket. ROR har dette som prioritert sak og vil invitere SR til samarbeid.

Det vart viste til til at elektrifisering er viktig i høve til NTP, samt til berekraftsmål nr. 7, rein energi for alle.

Ein kan også kan spele inn samarbeidssaker i etterkant av møtet. Frå ROR vart det sagt at det må markerast at ROR og SR har hatt eit møte og at ein har felles samarbeidssaker. Pressemelding vert sendt ut. Perspektivet er å samle ytterlegare, og at Orkide deltek.

**Sak 8/2020: Tema - Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033.**

- **Innleiing ved Møre og Romsdal fylkeskommune.** Ved leiar av samferdelsutvalet Kristin Sørheim

Det vart m.a. vist til at det er store utfordringar innan klima og miljø, teknologisprang, økonomi, oversikt over og handling i høve til «Big data» og fordeling. Sørheim meinte ein burde få utarbeidd ein eigen regional transportplan i fylket for heilskapleg analyse, utvida handlingsrom og handling. Dette vil gjere ein betre rusta til å gje innspel til NTP.

Sørheim tok opp kva Møre og Romsdal fylke skal ha som mål og strategi mot 2020. I høyringa skal Møre og Romsdal gje innspel på det som vert etterspurt. Skal ein t.d. legge vekt på meir sjø- og banetransport?

- **Hovudutfordringar.** Ved samferdselsdirektør Arild Fuglseth  
Nasjonal transportplan er eit strategisk dokument som gir regjeringa sin transportpolitikk. Den legg grunnlaget for heilskapleg politisk vurderingar, effektiv bruk av verkemiddel og samspel mellom transportformene. Nasjon transportplan vert revidert kvar fjerde år.

Samferdselsdepartementet styrer arbeidet med NTP. For NTP 2022-2033 er fylkeskommunane involverte i grunnlagsdokumentet. Det er mål om ein meir overordna og strategisk NTP, med samarbeid mellom aktørane. Det er laga eit dokument om utfordringane i Møre og Romsdal til ei politisk kontaktgruppe. Næringslivet og interesseorganisasjonar skal også kome med høyringsinnspel.

Brutto til drift av samferdsel i Møre og Romsdal er 2,2-2,3 milliardar kr. Det er m.a. 3100 km fylkesveg, 21 ferjesamband, 5 hurtigbåtsamband og 21,6 mill. kollektivreiser.

Hovudutfordringane er m.a. eit heilskapleg transportsystem, å sjå investering, drift og vedlikehald meir i samanheng. Andre utfordringar er vedlikehaldsetterslep og tunnelsikkerheit, byvekstavtalar/bypakkar for mindre byområde, omstilling til lågutsleppsfunn, finansiering på ferjesida, gods frå veg til bane og sjø og ny teknologi (utfordringar og moglegheiter), skredsikring og digital infrastruktur (utbygging i heile landet kan redusere behovet for fysisk transport.)

Kva er viktigast, kva vil vi prioritere i neste periode? Korleis skal ein bruke pengane, korleis vere tøffare i prioriteringssamanheng?



- **Prosesen for rullering av NTP.** Ved rådgivar i samferdselsavdelinga Janne Lønsethagen

Departementet har bestilt rapport frå ekspertutval for teknologi og framtidig infrastruktur. Elektrifisering, automatisering/autonomi, samhandlande intelligente transportsystem og delingsmobilitet er fire teknologiske hovudtrender. Hovudbodskapan er m.a. at ein kan få betre mobilitet og samstundes bruke mindre pengar i transportsektoren.

Når det gjeld NTP skal forslaga til løysingar bli framstilt i prioritert rekkefølge og ein må beskrive samanhengen mellom utfordring og forslag til løysing. Samferdselsdepartementet vil m.a vektlegge samfunnsøkonomisk lønnsemd og effektivitet.

Innspelet frå Møre og Romsdal skal vere ei liste over hovudprioriteringar. Dette skal vere underbygd av analyser, t.d. samfunnsøkonomisk lønnsemd, måloppnåing og effektivitet.

28. februar er fristen for innspel frå kommunar og regionråd til fylkeskommunen. Fristen for innspel frå fylkeskommunen til Samferdseldepartementet er 14. mai.

Det kom m.a. innspel om at samfunnsøkonomisk analyse må gjennomførast. Fylket svarte at ein ikkje har ferdig modellverktøy for å vurdere vedlikehald av vegar vs bygging av nye vegar.

Fylkeskommunen har ei rolle i arbeidet med NTP på linje med ein transportetat. ROR er oppteken av Møreaksen og heilskapleg utbygging av E136. Frå SR vart det sagt at det er behov for ein prosess med kommunane i regionrådet i høve til kva ein skal prioritere, samt at det må vere ein prosess der fagpersonane i kommunen er involvert.

Fylkeskommunen utfordra Sunnmøre på bompengar (vegprising), rigging av Ålesund hamn som eksporthamn og luftfart (kor mange flyplassar skal det vere i 2050?).

[Her](#) finn ein meir informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid med innspel til Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033.

NHO sine viktigaste samferdselsprioriteringar i Møre og Romsdal vart presentert av styreleiar Erik Espeset. Kravet frå næringslivet er ferjefri E39 (Møreaksen og Hafast), E136 Ålesund-Innlandet grense (utbetring av flaskehalsar) og Rv15 Strynefjellet alt. B1 med arm til Geiranger. Han viste til at det er viktig å stå saman om prioriteringane i Møre og Romsdal og ikkje bruke tid på omkampar.

Regionleiar Kari Hoset Ansnes frå LO Møre og Romsdal viste til at dei var mykje linje med NHO når det gjaldt prioriteringar i høve til NTP 2022-2033. Jack Sæther frå LO og Fellesforbundet transport viste til at hovudmålet må vere fullføre dei prosjekta som er beskrevet.

*Kl. 10.45-11-15*

**Sak 9/2020: Tema – Endringar i rutetilbodet for buss, hurtigbåt og ferje.** Innleiing ved Møre og Romsdal fylkeskommune ved avdelingssjef FRAM Stig Helle-Tautra, seksjonsleiar drift FRAM Jesper Wiig og seniorrådgivar Per Ove Nydal

Innlegget handla om kutta som gjeld FRAM. Samferdselssektoren skal kutte 77 millionar kroner. Dei store kutta er på buss, ferje og veg. For buss er budsjettet for 2020 justert ned med 5%. Alle vil merke endringane, men skule- og arbeidspending skal ikkje bli endra i stor grad. 18-20 millionar km køyrast årleg med buss. Høyringsfristen er 10. februar, dei fleste kommunane vil behandle dette i sine kommunestyre. 17. august er det oppstart med nytt ruteopplegg.

Reduksjon av driftsnivået på ferje er 20 mill. kroner i 2021, med ytterlegare reduksjon på 10 mill. i 2022. Ferje skal etter vedtak redusere 12. mill. i 2020. På grunn av generelt trekk i ramma på 0,75% skal ein redusere ytterlegare 5 mill. kroner i 2020.

Det vert sett ned eit eige prosjekt for reduksjon ferje i løpet av våren. Det må utarbeidast forslag til varige reduksjonar på minst 30 mill. kroner netto.

Ein bad om innspel på kva område ein bør sjå på når det skal reduserast. Område med fleire ferjer? Der det er mogleg med omkøyring? Der nivået er «høgast» over standarden? Der det er minst attståande?

Nydal viste til at staten har som mål å fjerne etterslepet på veg og er i hovudsak ferdig med tunnelsikkerheitsforskrifta. Møre og Romsdal fylkeskommune manglar 1,5 milliardar kronar til tunnelar. Det skal kuttast 35 millionar på veg. Konsekvensane vil bli høgare terskel for å bestille arbeid (t.d. skiltfornying, lapping av dekke, drenering, vedlikehald av kaier) og vil få konsekvensar for trafikktrygging og framkome.

Eigen vegadministrasjon gir betre styring og større handlingsrom. Dette rommet er ein i ferd med å utnytte, t.d. gjennom utviklingssamarbeid og prosjekt. Innovasjon gir ingen umiddelbar gevinst. Frå 2020 må målet nåast med mindre innkjøp.

SR tok opp korleis ein kan spele kvarandre gode, t.d. ved å dele kunnskap og nytte simulering. Det var spørsmål om fylkeskommunen er aktivt med i Smartby-satsinga.

Fylkeskommunen har gode trafikkdata som kan nyttast til å køyre simuleringar i transportmodellar.

Sørheim sa at formålet med møtet er å innarbeide fylkeskommunen og kommunane sine prioriteringar i NTP.

Frå Ålesund kommune vart det sagt at ein ønskjer eit møte der ein ser på fakta og der eigne fagpersonar er til stades.